


Kvaliteten på miljøundersøkingar ved konsekvensutgreiing av vindkraftsaker

Tore Larsen

Miljøvernavingdelinga



Fylkesmannen i Vestland



17.10.2019



Sogn og Fjordane:

- 1 vindkraftverk bygd, 2 under bygging, 3 enno ikkje påbegynt.
- 2 vindkraftverk avslått, 7 trekt.





Okla vindkraftverk, miljøkartlegging

2005 + 2007: John Bjarne Jordal, på oppdrag frå Sweco

- FM peikte på at feltarbeid seint i september ikkje gir grunnlag for vurdering av området sin verdi for hekkande fugl, men at KU elles gir godt nok grunnlag til å konkludere at ulempene ved utbygginga er klart større enn fordelane. **Motsegn/innsigelse.**


27.2.2013: NVE med krav om utfyllande undersøkingar av fugl i hekketida + «*et kart hvor naturtype-avgrensingen er tydelig opp imot planområdet... Opplysningene vi her ber om er ment som en tydeliggjøring av, og tillegg til konsekvensutredningen som allerede eksisterer*»



2013: Konsulentfirma NN


J.B. Jordal, 2007

- Terrengdekkande myr, KU stor verdi
- Kystlynghei, KU stor verdi
- Terrengdekkande myr, KU stor verdi
- Terrengdekkande myr, KU stor verdi




Konsulentfirma NN, 2013

- P1: Lavvokst kystfjellhei, KU middels-liten verdi
- P2: Terrengdekkande myr, «sterkt påverka av torvuttak», KU liten verdi
- P3: Lavvokst kystfjellhei, KU middels-liten verdi
- P4: Fuktig lynghei, KU middels-liten verdi
- P5: Terrengdekkande myr, «sterkt påverka av torvuttak», KU liten verdi




J.B. Jordal

Lang erfaring frå kartlegging av naturtypar og artar, ARKO-prosjektet, utviklinga av Naturindeks for Norge, NiN, fleire nasjonale kartleggings- og utviklingsprosjekt (naturtypar, verneområde), raudlistevurderingar for Artsdatabanken, [kriterium for verdivurdering av oseanisk nedbørsmyr for Miljødirektoratet](#).



Konsulentfirma NN (frå nettsida)

- Fiskeribiolog, erfaring frå tre saker med naturtypekartlegging
- Ikkje uteksaminert botanikkstudent





Konsulentfirma NN:

- **Kystlynghei:**

Det er tvilsomt om de kan verdisettes særlig høyt, da de representerer utforminger som med unntak av noe beite ikke ser ut til å være i hevd. Disse typene utforminger er også svært utbredt i de mest oseaniske delene av Vestlandet.

- **Terrengdekkande myr:**

Myrområdet er ikke intakt og innehar derfor ikke lokal verdi. [naturlege nedbørskanalar og sig feiltolka som torvuttak]

- **Fugletrekk:**

Det blir bekreftet at fugl kan trekke over land



Foto: John B. Jordal


J.B. Jordal:

Dette er blant de største og mest velutviklede kystlynghei-områdene i landet. ... Heia er stor, velutviklet, treløs og fortsatt noe beitet.

Dette er et sjeldent stort, sammenhengende og verdifullt myr- og heilandskap uten vesentlige tekniske inngrep.

En god del arter vil i mange tilfeller velge å fly over selve Stadlandet. Det vil her kunne dreie seg om hundretusener av individer pr. år og store deler av totalbestandene til mange arter. Dette gjør at trekket forbi Stad har stor nasjonal/internasjonalt verdi

«Torvuttak»





Fylkesmannen fekk NN-rapporten til gjennomsyn, og konkluderte slik i eit notat til NVE:

«For naturtypar kan det dermed sjå ut til at den nye kartlegginga frå NN er meir villeiande enn avklarande. Ein har sett heilt vekk frå tidlegare kartlegging, og basert verdivurdering berre på eiga synfaring trass i at kompetansen tydelegvis ikkje har vore brei nok til å kunne gjennomføre ei slik verdivurdering»

NVE si avgjerd, 17.12.2013:

NVE konstaterer at fagutreders konklusjon er at kystlyngheien i området ikke er holdt i hevd, og at myrlandskapet delvis er preget av torvuttak. Etter fagutreders vurdering kan naturtypene følgelig ikke gis en høy verdi. NVE slutter seg til denne vurderingen.

Etter klage og behandling i OED:

*Departementet slutter seg til NVEs vektlegging av rapporten, og påpeker at den representerer et **oppdatert kunnskapsgrunnlag** om tiltakets betydning.*



Foto: John B. Jordal

«Gjengrodd lynghei og myr prega av torvuttak» inne i planområdet...




Er det naturverdiane eller konsulentane sine (manglande) kunnskapar som avgjer om det blir gitt konsesjon?

NVE-rapport 102 – 2015:

Den fremste ekspertisen i landet blei sendt ut for å etterprøve rapportar frå miljøundersøkingar i vasskraftsaker:

- Dei opphavlege kartleggarane fann ikkje dei trua artane. Talet på raudlista artar var 12,8 gangar så høgt i etterundersøkingane
- Dei klarte heller ikkje å verdivurdere areala som blei undersøkt. Det blei berre påvist 1 svært viktig naturtype, mens det i realiteten fanst 14





Er det naturverdiane eller konsulentane sine (manglande) kunnskapar som avgjer om det blir gitt konsesjon?

NVE, Bakgrunn for vedtak, Okla 17.12.2013:

De viktigste negative virkningene ved etablering av vindkraftverket knyttes etter NVEs vurdering til landskap, naturmiljø og INON. Disse virkningene er likevel ikke så store at konsesjonssøknaden bør avslås.

➡ Ein feilaktig og villeiande miljørapport har med andre ord vore avgjerande for at det blei gitt konsesjon

Med unntak for den første undersøkinga av Okla (som blei lagt til side) og eit par til, har dei miljøfaglege rapportane frå KU vindkraft i Sogn og Fjordane stort sett vore av dårleg kvalitet.



Dronningmose

Hinnebregne

Gullhårmose

Foto: John B. Jordal

Tid brukt til feltarbeid

| | |
|----------------------------------|-----|
| Okla, første kartlegging (2005): | 4 |
| Okla, andre kartlegging (2013): | 1 |
| Mehuken: Ukjent | |
| Bremangerlandet (2011): | 3 1 |
| Vågsvåg (2011): | 3 1 |
| Hennøy (2009/10): | 3 |
| Guleslettene (2011): | 3 |



Bremangerlandet vindkraftverk:
Miljøkartlegging 3.-5. mai
«felles befaring med øvrige utredere 4. mai»

Vågsvåg vindkraftverk:
Miljøkartlegging 3.-5. mai
«felles befaring med øvrige utredere 3. mai»

Same konsulentfirma, og same person...

«Det har vært gjennomført feltbefaring 3.-5. mai 2011. Etter NVEs vurdering er kunnskapsgrunnlaget for vegetasjon og naturtyper tilstrekkelig for å avgjøre konsesjonssøknaden.»



Fugletrekk

Miljøkonsulentar ser ut til å vere ramma av ei kollektiv vrangførestilling om at fugletrekk er noko som stort sett skjer over havet (mye klipp og lim på grunn av manglande kunnskap?)

Mehuken 2 (NVE, 2008): «I konsekvensutredningen er det beskrevet at fugletrekkene som går forbi Vågsøy i stor grad foregår nord og vest for Vågsøya, over åpent hav. Ved dårlig vær kan passet over Movatna fungere som en ledelinje i terrenget, og derfor medføre en kollisjonsrisiko for trekk.»

Ulvegveina (KU, 2011): «Konsentrasjonen av fugler vil likevel være lav sammenlignet med f.eks. den ytre delen av kysten.»


Ytre Sula (KU, 2011): «Det er rapportert om trekk gjennom Ytre Steinsund, men hovedtrekket går trolig vest av Ytre Sula og vindkraftverket.»

Sandøy (KU, 2013): «Sandøy ligger innenfor den ytterste kystsonen, som må anses å være en ledelinje for kystbundne, trekkende fugl.»

Okla (NVE, 2013): «Mesteparten av fugletrekket trekker ifølge utreder langs, eller nær sjøen, på vestsiden av Stadlandet og flere kilometer fra det omsøkte planområdet. (...) At noen trekkende fuglearter under visse værforhold velger å trekke over land er også vist i en radarundersøkelse fra Bremangerlandet i 2011.»



«At noen trekkende fuglearter under visse værforhold velger å trekke over land er også vist i en radarundersøkelse fra Bremangerlandet i 2011....»



OED om Okla: "NVE skriver at de har vektlagt rapporten fra NN fordi den representerer et styrket beslutningsgrunnlag. Det ble gjennomført befaringer i hekketiden, og utredningen inneholder resultater funnet med fugleradar i forbindelse med andre konsekvensutredninger for vindkraft på Bremangerlandet.»



Fugletrekk

Vågsvåg (NVE, 2014): «Det fremgår av konsekvensutredningen at en rekke fugler trekker langs norskekysten og at havområdene utenfor Vågsøy har en sentral beliggenhet i forhold til fugletrekk.»

Hennøy (KU, 2014): «Når det gjelder fugl på vår- og høsttrekk, så er det som tidligere nevnt mye som tilsier at trekket i dette området skjer på bred front og at det omfattende trekket av sjøfugl, samt arktiske gjess og vadere skjer utenfor kysten.»

Bremangerlandet (NVE, 2015): «Ifølge fagutredningen ligger havområdene utenfor Bremangerlandet i det store fugletrekket langs norskekysten. Det er vurdert at de fleste artene flyr rundt øya, men fagutreder mener at det på bakgrunn av ledelinjer i terrenget er grunn til å tro at enkelte arter krysser Bremangerlandet.»

Guleslettene (KU, 2017): «Selv om observasjoner ble gjennomført under de mest aktive trekkperiodene ble det observert svært få fugler som trakk gjennom områdene denne studien omfatter. Ettersom det ble observert langt høyere trekkfuglaktivitet nede langs havet i områdene rundt vindparken virker det som om trekkfugler foretrekker lavereliggende strøk.»



Endring på gang?

Etter fleire omgangar med verdilause «trekkfuglundersøkingar» i planområdet for Guleslettene vindkraftverk bestemte OED 11.11.2016 at det skulle gjennomførast før- og etterundersøkingar av fugletrekk, og at resultatane skulle inngå i detaljplan/MTA-plan for vindkraftverket.


«Planen skal godkjennes av NVE. NVE skal forelegge planen for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for uttalelse før godkjenning.»





Ein revolusjon kvalitetsmessig, men mye data å tolke...

Guleslettene: Fylkesmannen har hevda at vestlege del av planområdet ligg i ein viktig trekkkorridor, og at det ikkje bør plasserast vindturbinar der.




Figurane viser *relativ* densitet av registrerte radarspor over Guleslettene (radaren fangar opp store fuglar på lenger avstand enn små).

Utbygger: Lite aktivitet i fokusområdet. Fuglane bruker heile området, vest kan byggast ut.

Fylkesmannen: Relativ framstilling! Aprilfiguren inneheld 30 gonger meir data enn mars-figuren...

«NVE mener fokusområdet ikke skiller seg ut i en slik grad som gir grunnlag for å nekte utbygging i området. Etter NVEs vurdering viser undersøkelsene at **store mengder fugl bruker hele området** i betydelig grad og fugletrekket berører større områder enn kun fokusområdet.»





Konklusjonar

Miljøundersøkingar ved KU av vindkraftanlegg i Sogn og Fjordane:

Fugletrekk: Så godt som alt som er skrive (før radarundersøkingane i 2018/19) ber preg av manglande kompetanse, og er stort sett irrelevant, feilaktig og villeiande informasjon

Naturtypekartlegging: I fleire saker har konsulentane ikkje hatt nødvendig kompetanse, både når det gjeld kartlegging/kategorisering og verdivurdering. Dessutan for lite tid i terrenget. Berre i eitt tilfelle har arbeidet hatt god nok kvalitet til at nye data kunne leggest inn i Naturbase

Artar: I eit fleirtal av sakene er konsulentane sin artskunnskap for dårleg til at feltarbeidet gir utbytte, og rapportane må basere seg på eksisterande informasjon (som er svært mangelfull i dei fleste områda). For lite tid ute i terrenget

Den dårlege kvaliteten på miljøundersøkingane blir ikkje oppdaga og handtert av NVE, og blir derfor med som følgefeil i alle trinn vidare i saksbehandlinga (og i MTA-plan)

NVE lyttar lite eller ikkje til innspel frå Fylkesmannen om det faglege nivået i konsulentrapportane. Derfor svært viktig at NVE får tilgang til naturfagleg spisskompetanse på vindkraftsida